

Referat møte nr 04/15

Styringsgruppa for Førdepakken

Møtedato: 3. desember 2015 kl 13:30–15:30 **Sakshandsamar/innvalsnr:**
Stad: Videomøte **Dina Lefdal – 57655706**
Møteleiar: Svenn Finden **Vår dato:** 3.12.2015
Referent: Dina Lefdal **Vår referanse:**
Til stades: Ole-John Østenstad (OJØ), Svenn Finden (SF), Arve Seger (AS), Ingar Hals (IH),
Dina Lefdal (DJL), Oddvar Flæte (OJF)
Forfall: Tore Eriksen (TE)

Kopi til:

Sak nr	Ansvar / frist
18/15	<p><u>Referat fra siste møte</u> Godkjent</p> <p><u>Gjennomgang av oppfølgjingssaker (sjå lista bak)</u> Sak 26/14 og 10/15 blir teke ut av oppfølgningslista. Vert vidare handtert gjennom statusrapport dersom behov.</p>
19/15	<p><u>Gjennomgang av statusrapport inkl. HMS</u> Statusrapporten er lagt på eRoom/sendt ut før møtet. IH orienterte.</p> <ul style="list-style-type: none">• For bomstasjonar reknar vi med oppstart innkrevjing oktober 2016. Anbod for «vegkantutstyr» er på veg ut, «grøfteanbod» går ut i februar• Tiltak 1 (bru over Jølstra ved Førdehuset) er i rute til utlysing av anbod til sommaren. Blir grunnundersøkingar i elva i januar• For Tiltak 2 (gs-veg fv. 484 Vievegen) blir reguleringsplan utarbeida i to alternativ ved verna park ved sjukehuset. Utlegging av plan til off. ettersyn i mars, frykter at det kan ta lang tid å få endeleg godkjent plan.• Tiltak 3 og 4 (kryss og gs-veg E39 Hafstadflata). Tiltaka kjem langt utanfor vedteken reguleringsplan, og vi vil utarbeide ny, slik at anleggsstart blir tidlegast seinst på hausten 2016• Tiltak 5 (rv. 5 Bergumkrysset). Arbeid med utarbeiding av konkurransegrunnlag er ting av Ressursavd., som har starta på arbeidet. Håper på anleggsstart hausten 2016

Sak nr	Ansvaret / frist
20/15	<ul style="list-style-type: none"> • Tiltak 6 og 7 (E39 Askvollkrysset og fortau fv. 609 Steinavegen), reguleringsplan er snart klar. Kostnadsoverslag er utarbeida, og viser stor kostnadsauke samanlikna med det som ligg til grunn i bompengesøknad. Må ha ei vurdering av dette før omfang og løysingar blir fastlagt. • For resten av tiltaka vil det bli meldt planoppstart no i desember. Vi førebur nettside og anna informasjon i samband med dette. • Vi reknar framleis med innkrevjingsstart kring 1. oktober 2016 <p><i>Bemanning</i></p> <p>2 personar frå 1. oktober, det kjem 3 til i januar. Vurderer etter kvart om det er behov for fleire. Ressursavdelinga har tilsett planprosjektleiar på Førdepakken.</p> <p><i>Økonomi</i></p> <p>Har rekvisert forbruk fram til oktober frå Førde kommune og laga rekvisisjonsplan for 2016. Denne må oppdaterast etter endra framdrift på nokre prosjekt.</p> <p>Bomselskapet må søke om lån for 2016. Uviss tidshorisont knytt til innføring av regionalt bomselskap.</p> <p><i>Anna</i></p> <p>Møte og synfaring med Førdefjorden energi. Møte med fylkeskommunen om bruk av kantstopp eller busslommer. Har jobba ein del med prosjektsider på nett. Kommunikasjonsplan er ferdig, men vil bli oppdatert ved endringar. Møte om avtale mellom SVV og Førde kommune 14. desember. Informasjonsmøte med byggebransjen i Førde 14. januar 2016.</p> <p><u>Gjennomgang av notat om kostnader</u></p> <p>Notatet er lagt på eRoom/sendt ut før møtet. Fleire prosjekt ser ut til å kunne bli dyrare enn det som er lagt til grunn i bompengesøknaden. Dette vil få konsekvensar for kor mange tiltak i pakken som kan bli gjennomført. 10 % overskridning medfører at tiltak 20 og delar av tiltak 19 går ut. 25 % overskridning medfører at ingen av tiltaka frå tiltak 16 bli gjennomført, samt kutt av delar av tiltak 15 Angedalsvegen. Dette vil redusere nytten av Førdepakken vesentleg. Det er difor viktig å halde fokus på standardval og kostnader i tiltaka.</p>

Sak nr		Ansvar / frist
	<p>Døme frå tiltak 6/7 E39 Askvollkrysset og fortau fv. 609 Steinavegen etter at det er laga kostnadsoverslag: Steinavegen er omrent som føresett, Askvollkrysset har fått dobla kostnadsoverslag. Dette gir 30 % auke for tiltaka samla. Vi vurderer løysingar for å få ned kostnaden.</p> <p>Det vart diskutert kor mykje styringsgruppa ønskjer å bli involvert i slike diskusjonar. Konklusjonen er at det er viktig med god dialog mellom prosjektet og Førde kommune, både administrativt og politisk. Styringsgruppa skal haldast orientert. Prinsipielle spørsmål skal leggjast fram for gruppa til avgjerd.</p>	
21/15	<p><u>Ymse</u></p> <p><i>Logo Førdepakken</i></p> <p>Bompengepakkar kan ha eigen profilering/logo. Logoen som er nytta i Førdepakken AS kan nyttast (det har vore motstridande signal her). Ingar Hals jobbar vidare med profiolering i samarbeid med kommunikasjonsstab hjå Statens vegvesen.</p> <p><i>Regionalt bomselskap</i></p> <p>Kjem ikkje opp i Fylkestinget i år. Uklarheit kring rentekompensasjon/-tiltak. Førdepakken bomselskap AS ønskjer overgang til regionalt selskap så raskt som råd. Slik tidsplanen er må dei uansett ta seg av den anbodsprosessen som må til før innkrevjinga startar.</p> <p><u>Neste møte</u></p> <p>Tysdag 8. mars 2016 kl 13:30–15:30, videomøte</p>	IH/AS IH

Oppfølgingssaker styringsgruppe Førdepakken

Sak.nr	Omtale	Ansvarleg	Frist
19/14	<p>Kommunikasjon</p> <p>Nettsider; Det blir laga prosjektinformasjon på SVV sine nettsider. Vi førebur struktur, etablerer når St.prp. er godkjent. Fylkeskommunen og kommunen kan lenke seg opp til denne. Møte 3/15: Nettside er etablert. Fylkeskommunen og kommunen linker til denne. Bomselskapet vil jobbe med eiga side ut over hausten. SVV må linke til denne når bomselskapet er på plass. Uavklart kor tid dei nye regionale bomselskapa er på plass.</p> <p>Møte 4/15: Det er avtalt møte om kommunikasjon mellom Førdepakken bomselskap AS, Førde kommune og Statens vegvesen 5. januar 2016</p>		



Førde kommune



SGON OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Statens vegvesen